



Vidar Marøy

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 5557 2334

## Svar frå Radøy kommune på forureining i Bøvågen - Avslutning av sak

Vi viser til melding 21. oktober 2019 om klage på forureining i sjøen i Bøvågen i Radøy kommune. Fylkesmannen sendte klagen vidare til Radøy kommune i brev av 28. oktober 2019, der vi bad om kommentarar til klagen.

Radøy kommune har 29. oktober 2019 sendt svar til Fylkesmannen, der dei viser til at Radøy kommune tek alle meldingar om miljøforureining på alvor. Kommunen viser til tidlegare utfordringar med innlekking av overvatn på grunn av utette røyr. Dei har hatt fokus på dette dei siste åra, og difor er mykje av leidningsnettet som fører til anlegget skifta ut.

Kommunen har søkt etter feil på reinseanlegget, utan å finne feil. Det er også gjort granskingar i det aktuelle fjordområdet, utan at det er funne spor av forureining.

Vi sender kommunen sitt svar til Fylkesmannen, som vedlegg til dette brevet og avsluttar saka.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Britt Solheim  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 MANGER